

G A U L E V A T N E T

Analysen vart foreteken den 28. juli 1971.

Vatnet ligg i Lund kommune, nord-aust for Stokkavatnet og med Tristigla i sør-aust.

Arealet er omlag 3.5 ha.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men ein må anta at det jamt-over er eit grunt vatn.

Stranda består for det meste av grunnfjell som støyter like til vatnet, med gjørmebotn på djupet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras dominerar over det heile.

Nedslagsfeltet, som er lite, består av skogsmark og snaufjell. Her veks noko spredt bjørkeskog med røslong, skinntryte, einer m.v. som undervegetasjon.

Noko hovudtilsig har ikkje dette vatnet, men div. mindre bekketilsig fell inn ymse stader.

Avlaupet går til Stokkavatnet.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 12.0 m og fargen på vatnet blålig. Dette tilseier eit oligotrof eller næringsfattig vatn.

Surheita pH er målt til 4.6 som må seiast å vera ubrukande for aure.

Innhaldet av kalk (CaCO_3) er 0.6 mg/l og den totale hardheita 2.0 mg/l. Vatnet er såleis mykje kalkfattig og pH utsett for store svingningar gjennom året.

Leiingsemna $K_{18} = 29.7 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{ cm}^{-1}$.

Gjennomstrøyminga er liten.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0 og 5.0 m djup og resultatet på 2.0 m vart 1 fjærmygglarve og på 5.0 m 1 vannkalvlarve.

Vi kan slå fast at der er mykje sparsamt med næringsdyr i Gaulevatnet og det er heller ikkje så rart, då storparten av næringsdyra ikkje vil kunne tilpasse seg det sure vatnet.

Planktonprøver.

Fisk m.v.

Vatnet er fisketomt.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene kan vi slå fast, at Gaulevatnet er sær s næringsfattig og ubrukande for fiskeproduksjon.

Skal auren kunne formere seg i eit vatn reknar ein gjerne minimumsgrensa for pH = 4.9. Den større fisken vil nok kunna leve i eit noko surare vatn, men då pH i Gaulevatnet ligg på 4.6 er der grunn til å tru at heller ikkje større settefisk vil kunne leve her. Vi skal og hugse på at pH ofte er lågast om vinteren (febr./mars) slik at ein må rekne med at pH til sine årstider ligg under den målinga som vi foretok.

Hovudårsaka til dette sure vatnet er som kjent å finna i nedbøren, og då "bufferemna" i vatnet frå før av er svak og nedslagsfeltet skrint, så har det ofte lett for å gå galt.

Praktiske tiltak.

Det er ikkje så mykje vi her kan foreslå, som er økonomisk forsvarleg, for å rette på tilhøva i Gaulevatnet.

Vatnet skulle vore tilført kalkstoff i større mengder, men det seier seg sjølv at dette ikkje har noko for seg her. Det beste vil nok vera og sjå heilt bort frå Gaulevatnet m.o.t. fiskeproduksjon, men det kan likevel ha sitt store verd på andre måtar. Som mål for ein "skautur" med kaffekos, bading m.v. så eignar jo Gaulevatnet seg ypperlig.

Stavanger 8/2 1972

Einar Berg

X-tjernet.

Ein botnprøve på 2.0 m gav 0 individ. Innhaldet av kalk (CaCO_3) er 0.6 mg/l og den totale hardheita 2.1 mg/l.

Det gjekk jo an å setje ut nokre fiskar i denne tjørna, men det har neppe mykje for seg.

Ds.